Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Linde

Emne: Beit og brom Bygdelag: Nordbygda (og Landsmarka)

Oppskr. av: Johannes Sprove Gard: Sprove (Botte övre)

(adresse): Svenseid G.nr. 2 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Mest etter heimelsmann nemnd under B

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Eivind T. Stranna, bonde, Svenseid Linde (f. 10.10. 1881)

SVAR

1. Kvist og ris serleg av björk har jamleg vore nytta til hjelpefor åttåt hoy. Beit kallast det fôret her og er jamnast björk, men kan og vera or og fûrulevist med bar på. Sauene fær gjerne beit anten dei har mykje eller lite hög - avdi dei likar det.

2. Noko sers namn på dette slag forhenting har me ikkje her og har ikkje serskild sledegreide når dei hentar beitet.

3 Beiten hentast om vinteren. Vanleg har ein heim heile tre som ein skal ha til ved, medan ein högg av kvistene til beit. Nemninga -brom- er lite eller ikkje nytta i bygda. Men some kasta ris av björka - helst i ledgetida og nytta til for, liksom det har vore vanleg för i tida å finna reinmose om haustan og leggja han i haugar til om våren. Da köyrde dei han heim og brika han til kröterfôr. Det var tyrs og framst sauen og geita

2258

som fekk beit og riskoisa. Det var lauv-
kniv og sigd ein nytta til beit=hentinga.
Det har vore vanleg at sau og geit blir
sleppt ut i beitkosten utanfor fjøset
eller løda om vinteren. Beit blir brukt
ennå segjest det, for på Borgja, ein stor gard
i grannebygda Bø, var beitkost å sjå
ved tunet så seint som no nyst. På
denne garden som det er store-stulars-
(støyles)-til har dei mange geiter.
7. Skikken å hente beit (dei segjer. hente beit-har
og ikkje "beite" eller beita") på langfredag
er kjend frå gamalt men slutt for
lenger tid sidan enn det kan segjast
for visst nå. Om beithentaren måtte gå ut i skogen
på fastande hjarta og om han måtte
bryte kvistane berre med hendene
utan anna reidskap, kan dei som
har høyrt om skikken ikkje segja noko
visst om.

Kveketøter som blei pløygd opp og hak-
ka var og godt for for kyr og hestar.
Kveka blei og gjeve til dyra som ho var.
Heilt slutt med beiting er det ikkje,
for dyra blir friske i "fordøyelsen" av
det segjer, dei fleste ein talar med om
dette. Så beiting går for seg den dag idag.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING